

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.	28	Fylke:	Nordland
Tilleggsspørsmålnr.		Herad:	Bindal

Emne: **Drikk til maten til kvardags** Bygdelag: **Vassbygda.**

Oppskr. av:	<b>Ingvald Wærstad</b>	Gard:	<b>Telebu</b>
(adresse):	<b>Lande.</b>	G.nr.	Br.nr.

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Litt.**
- B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

**Martinus Olsen , plassmann f. 1867**

SVAR

**Mjølk .**

1. Mindre bruk av mjølk no . Det er elles lite mjølk i bygda ,serleg på vintertid . Skogsfolk kjøper mykje boksmelk .

2. Ja.

3. Bleng vert nytta serleg i høyonna . Surmjølk og vatn eller saup ~~av~~ og vatn .

4. Har ikje fått sikre opplysninger om øl brukt som kvardagsdrykk. M.O. nevner at Helmer Sivertsen på Øverås i Velfjord brukte øl til slættefolka.

Øl av einlåg humle og sirup vart brukta til julehelga. Laga ein anker . Det har ikkje vert brygga heime-brygga øl her sidan jeg kom hit 11923 , så vitt jeg vet. På Wærstad i Holla var det brukelig å laga juleøl kring 1914.

**Kaffi.**

5. M.O. meiner kaffi kom i bruk kring 1850. Far til M.O. snakka om at fyrste gong han såg kaffi verta moli var i 1840 på Vassås prestegard . Elles var det mykje erstatningskaffi . Dei nytta mykje rugmjøl . Dei laga til stenger av rugmjøldeig ,kappa opp i høvelegebitar og brende . Kunne og brukte brende erter . Sikori vart og brukta . Første gang jeg så sikori var i 1917

i Nesna. Det var fest på ungdomshuset og dei skulle koke kaffi . Jeg passet da på å legge en bra sikeribit i kjelen ,men husker ikke nu hvordan kaffen smakte. Nu er bruken av kaffi svært vanleg . Riktignok kan det nok være så svak kaffi at en helst ville kalte det sør. Likevel er det mange som klager over at det blir for liten kaffirasjon .

6. I 1870 - 80 meiner M.O. at kaffien vart vanleg kvardagsdrykk .

7. Vanlegvis 3 gonger .

8. Ein kokar opp vatnet ,maler kaffi og har i kjelen . Aa trakte kaffi brukar vistnok ingen her i bygda. Salt i kaffien vart vistnok brukt av folk før . ikkje no. Klåreskinn trur eg ikje er brukeleg .

Enkelte kjerringer kan vel bruke å spå i kaffien , men det er ikkje mange .

9. Før brukte ein topsukker ,seinare rafinade (tabletter . Under krigen då det kunne vera lite rafinade nytta ein farin( strøsukker ) . Enkelte prøvde å koke det til kaffisukker .

10. Vanleg å bruke fløyte . Jeg sluttet etter et lite kurs på Falstad i 1942 med å bruke fløte i kaffien . Kvit geitost i kaffien er det flere som bruker når de skal ha riktig fin kaffi .

11. Te er lite brukt .

12. I 1864 hadde Jakob Jansen i Velfjord det slik at gardsguten fekk ein dram på fastande hjarta om morgonen . Ein har enno uttrykka :rakardram og slaktardram .

Elles har det vori uskikk med brennevin på festar .

13. Øl ,selters og brus er ikkje kvardagsdrykk . Øl kan verta kjøpt til serlege tilstelningar . Det er i det heile lite brukt her .

Telebu 5.jan. 1951 .